

# EI NY RELIGIOS RØRSLE TEK FORM

AV TRUDE FONNELAND

*13.3.2012 vart Sjamanistisk Forbund godkjent som eige trusamfunn av fylkesmannen i Troms. Godkjenninga innebar oppretting av ein sjamanistisk landsorganisasjon og eit fylkeslag for Tromsø kommune. I søknaden til Fylkesmannen går det fram at forbundet er særleg oppteke av å forvara den samiske og norrøne sjamantradisjonen. Forbundet ynskjer å opna for eigne sjamanistiske seremoniar knytt til dåp, bryllaup, konfirmasjon og gravferder. I tillegg skal trommereiser gjennomførast ved kvart jamdøger og ved fullmåne. Gjennom intervju med aktørane bak opprettinga av Sjamanistisk Forbund set eg i denne artikkelen fokus på den religiøse skapingsprosessen som tek form i forkant og etterkant av godkjenninga. Eg spør kva typar forhandlingar, tilpassingar og møter som oppstår i denne konteksten. Målet er å undersøkja interesser og underliggjande føresetnader involvert i prosessen og visa korleis forbundet, av ulike aktørar, vert gjeve innhald, verdi og mening som eit religiøst trudomssamfunn.*

Sjamanistisk Forbund (SF) er ei religiøs nyskaping danna i mars 2012 av sentrale aktørar i det lokale nysjamanistiske miljøet i Tromsø. Forbundet kan seiast å ta form i eit forhandlingsrom mellom religiøse visjonar, eit offentleg lovverk, globale trendar og lokale konstruksjonar. SF er oppretta med sikte på å kunna registrera eit sjamanistisk forbund som eit offentleg godkjent trudomssamfunn med rett til å tilby og utføra livsfaseritar som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder og i tillegg få økonomisk stønad relatert til medlemstalet. For å nå dette målet har opprettarane av forbundet måttå forholda seg til dei kriteria som er påkravd for at ei religiøs gruppe skal få status som eit offentleg godkjent trudomssamfunn. Det nasjonale lovverket har i denne prosessen inspi-

rert ei gruppe av religiøse entreprenørar til å foreina krefter og organisa seg i ei religiøs tilknyting, og i norsk samanheng er dette fyrste gong ei sjamanistisk rørsle har fått status som eit offentleg godkjent trudomssamfunn.

Prosesssen knytt til godkjenninga av SF opnar for eit sjeldan innsyn i religiøse innovasjonsprosesser i samtida. Det speglar grunnlaget for korleis nye religiøse tradisjonar vert produsert og får feste og seier noko om tradisjonar sin natur i seinmoderne samfunn. Artikkelen skildrar dynamikken i ein kulturell skapingsprosess der abstrakte konsept og idear finn fortøyningar i eit lokalsamfunn og i deltakarane si røynd her og no og gradvis genererer eit distinkt kulturelt felt. Det å klassifisera, eller å utelata å klassifisera ei gruppe som eit religiøst trudomssamfunn fungerer som ein diskursiv teknikk der ei rekje ulike sosiale og praktiske interesser vert fremja eller forhindra, og der sosiale formasjonar vert idealisert og kontrollert (sjå Taira 2010:379). Både aktørar innanfor det nysjamanistiskefeltet, det offentlege med si lovgjeving og institusjonelle ordningar og media er sentrale medverkarar i skapinga av Sjamanistisk Forbund.

Gjennom intervju med hovudaktørane i forbundet; styreleiar Kyrre Gram Franck og nestleiar Lone Ebeltoft, deltakande observasjon på seminar og i seremoniar og likeins dokumentanalyse av foreininga si eiga heimeside og facebookside, vil denne artikkelen fokusera på den prosessen som førte til opprettinga av Sjamanistisk Forbund i Noreg.<sup>1</sup> Dette kan også skildrast som eit studie av kulturelle grensesonar der produksjonen av meining tek form i møtet mellom ulike religiøse aktørar, religionar, mytar og forteljingar, lovar og reguleringar så vel som i møtet mellom det lokale og det globale.

#### DEN NORSKE KONTEKSTEN

Norsk lovgjevnad og politikk overfor trudomssamfunn i Noreg har direkte konsekvensar for Sjamanistisk Forbund sitt design og handlingsrom. Lova om religionsfridom har vore nedfelt i Noreg sidan 1964. I tilknyting til 150-årsjubileet for Grunnlova fikk § 2 på dette tidspunktet

eit nytt fyrste ledd med innhaldet: ”Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse”. Dette har på sikt gjort det mogleg for grupper utan tilhøyrnad til Den norske kyrkja, å verta lovleg klassifiserte som trudomssamfunn.

Tanken om likebehandling på grunnlag av tru og livssyn har sitt grunnlag i menneskerettane, som mellom anna fastslår den like retten til trus- og livssynsfridom og likeins retten til vern mot all usakleg skilnadsbehandling på grunnlag av religion og livssyn.<sup>2</sup> Lova om trudomssamfunn og ymist anna som kom i 1969, gjev rammer for trus- og livssynssamfunn si verksemeld i Noreg. Lova sikrar tilhærma likebehandling mellom Den norske kyrkja og andre trussamfunn ved å opna for at trussamfunn, og seinare livssynssamfunn kan søkja statleg og kommunalt tilskot per medlem. Ingen land gjev same grad av økonomisk støtte til trus- og livssynssamfunna som Norge, og landet representerer med denne ordninga eit ytterpunkt der statlege og kommunale tilskot dannar det meste av ressursgrunnlaget for Den norske kyrkja, og der andre trus- og livssynssamfunn får tilsvarende offentlege tilskot per medlem (jf. Askeland 2011).

I artikkelen ”Reguleringsregimer, tro og statistikk” (2013) påpeikar statsvitari Asle Rolland at Noreg i si regulering av religion, tru og livssyn skil seg frå andre europeiske land. Religion, tru og livssyn, hevdar han, er her ei offentleg sak, regulert i ein hybrid av den såkalla privilegiemodellen og konkurransemodellen. Der privilegiemodellen inneber at staten gjev utvalte religiøse tilbod positiv særhandsaming, opnar konkurransemodellen for at staten let dei private driva i fred, men søker å forhindra og korrigera marknadssvik (Rolland 2013:6). Privilegiemodellen og konkurransemodellen regulerer altså med motsette føremål. Privilegiemodellen regulerer for å beskytta monopol, konkurransemodellen for å forhindra dei. Når ein i Noreg finn ei samanblanding av desse to modellane inneber det at Den norske kyrkja har ein dominerande posisjon med dette band til statsmakta og at kyrkja på fleire område har fortrinn framfor dei private trus- og livssynssamfunna (ibid.16).<sup>3</sup>

Stålsett-utvalet si religionsutreiling ”Det livssynsåpne samfunn: En helhetlig tros- og livssynspolitikk” (NOU 2013:1) har mellom anna vur-

dert støtteordninga for trus og livssynssamfunn i Noreg. Her påpeikast det at støtte til Den norske kyrkja må innebera ei likeverdig støtte til andre trus- og livssynssamfunn, både når det gjeld økonomisk støtte, praktisk tilrettelegging for religiøse og livssynsmessige aktivitetar og kva for vilkår som vert knytt til støtta. For å få støtte, må eit trudoms-samfunn, ifylge Stålsett-utvalet, ”være basert på felles forpliktende oppfatninger om tilværelsen der mennesket ser seg selv i relasjon til en gud eller en eller flere transendente makter” (§ 2–1 Rett til økonomisk tilskudd). Med formuleringa ”forpliktende oppfatninger” ynskjer utvalet å forsikra seg om at det utelukkande er seriøse foreiningar som kan kome inn under statsstøtteordninga. NOU-rapportar er offentlege dokument som i en viss grad legg fôringar for korleis me oppfattar det fel-tet utreiinga omhandlar. Stålsett-utvalet påpeikar at det enno gjenstår ein del med tanke på likebehandling mellom trudomssamfunna, og at det bør tilretteleggjast for meir likeverdige rammevilkår.<sup>4</sup>

#### EIT SJAMANISTISK FORBUND TEK FORM: VISJON OG MÅLSETTINGAR

Nysjamanisme er ein av dei raskast vaksande trendane i vestleg sam-tidsreligiøsitet (Patridge 2004:47, Wallis 2003:140). I Noreg kjem denne veksten mellom anna til uttrykk på dei mange alternativmessene som arrangerast årleg i små og store norske byar. På desse messene mark-nadsfører nysjamanar og andre New Age entreprenørar sine varer og tenester og publikum si interesse for desse arrangementa har auka år for år (Kraft 2011:71). I Noreg har også eit samisk nysjamanistisk felt teke form og eit vaksande antal samiske sjamanar tilbyr sine tenester frå eigne heimesider på Internett, gjennom kursverksemد, bøker og ut-danningsmateriell (sjå Fonneland 2010). Likeins har ein sjamanistisk festival, *Isogaisa*, sett dagens lys, og her møtest menneske med interesse for det sjamanistiske feltet til årleg kunnskapsutveksling og feiring (sjå Fonneland 2014). Opprettinga av Sjamanistisk Forbund kan løftast fram som eit siste tilfang til denne utviklinga og veksten.

Nye religiøse tradisjonar og rørsler har ofte utgangspunkt i ein re-ligiøs visjon. Med tanke på den gryande utviklinga av Sjamanistisk For-

bund er denne visjonen knytt til ein enkeltperson sin interaksjon med ei åndeleg verd. Personen som fortel å ha fått overlevert visjonen, er Kyrre Gram Franck, også kjent under sjamannamnet Whitecougar. Kyrre har vore involvert i det nysjamanistiske miljøet i Noreg frå tidleg 1990-tal. Han fortel at han har hatt sjamanlærarar inspirert av så vel indianske som samiske religiøse tradisjonar. I Tromsø har Kyrre lenge vore ein profilert sjaman og healer og fått mykje mediemerksemad mellom anna knytt til oppretting av organisasjonen *The World Drum Project* (Verdstrommeprosjektet). Verdstromma inngår i ein sjamanistisk, ikkje-profit-basert organisasjon stifta i oktober 2006, med fokus på fred og miljøspørsmål.

I dag er Kyrre valt som leiar for SF på eit nasjonalt plan og som nestleiar for lokallaget i Tromsø. Med tanke på utviklinga av SF kan Kyrre skildra som en soteriologisk entreprenør. Han er grunnleggjar, organisasjonsbyggjar, rollemodell og motivator. Som foreininga sin valte leiar set Kyrre med sin bakgrunn, sine interesser, venskap og nettverk avgjerande avtrykk på framveksten og utvikling av foreininga. Vedrørande visjonen om SF fortel Kyrre:

Det er vanskelig å uttrykke bilder og følelser i ord, men visjonen kom til meg i et drømmesyn, altså ikke i en vanlig drøm. Av en av mine hjelpere, en gammel mann, ble jeg ble vist ett bilde av Skandinavia og fortalt at jeg skulle starte opp noe som het Norsk Sjamanistisk Forbund. Jeg ser at det er en liten selvmotsigelse her, men forklaringen er vel at det ikke er jeg som skal starte opp foreninger i de andre landene. I visjonen var det også bilder og følelser av mennesker som delte spirituell kunnskap og læring. Det gamle skal frem, ble jeg fortalt, og selv om SF favner alle sjamanismens ansikter, er det for oss her i nord viktig å ivareta de samiske og norrøne tradisjonene. Så her snakker vi om SF som en tradisjonsbærer.

Visjonen Kyrre fortel å ha fått overlevert kan seiast å ha status som forbundet si opphavsmyte. Som myte fungerer forteljinga som ein sosial strategi, eit reiskap og som ei særleg form for sosial grunngjeving som har verdi med tanke på å legitimera etableringa av forbundet og forbun-

det si verksemد (sjå McCutcheon 2000).<sup>5</sup> Visjonen legitimerer også fokuset på nordleg sjamanisme og på Kyrre som foreininga sin naturlege leiar. Det var han som mottok openbaringa. Det var han åndene hadde tiltru til og valte som kontaktperson. Kyrre si sentrale stilling reflekterast også i organiseringa av SF sin leiarstruktur der han i tillegg til å vera styreleiar også har rolla som visjonsberar. I styreprotokollen er det bestemt av visjonsberaren, i saker som kan føra til betydelege endringar av visjonen, har vetoret. Rolla som visjonsberar fylgjer Kyrre på livstid.

På bakgrunn av si rolle som både styreleiar og visjonsberar er Kyrre ein sentral katalysator med tanke på organiseringa av forbundet, med tanke på kva for saker som vert løfta fram, korleis SF vert profilert og kva som skal inkluderast eller eventuelt utelukkast i skapinga av identitet og fellesskap innad i gruppa. Dette er også, som religionshistorikar Galina Lindquist uttrykkjer det, det som er slåande i ei verd av sjamanistiske førestellingar ”an important condition of its existence, its performative expressions, hinges entirely on certain individuals” (Lindquist 1997:189).

Ifylgje Kyrre er intensjonen bak etableringa av SF at forbundet vil ta form som ei samlande kraft med høve til å styrka individ og grupper sine rettar til å utføra sjamanistiske praksisar i samtida. Ikke minst vonar han at forbundet vil utvikla seg til eit reelt alternativ for dei som vedkjerner seg eit sjamanistisk trussystem og at utviklinga av livsfaseritar i tilknyting til dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder vil auka interessa for sjamanisme i samfunnet generelt.<sup>6</sup> Like fullt påpeikar Kyrre at SF si viktigaste oppgåve er å auka kunnskapen til dei enkelte medlemma. Han understrekar at det stadig kjem fleire personar til på den nyreligiøse marknaden som tilbyr kurs i sjamanisme og som tek pengar for slike kurs, men som manglar erfaring og kunnskap og såleis forringar miljøet. Eit av forbundet sine målsetjingar er såleis å heva standarden på slike kurs og å forsikra seg om at kurs som vert arrangert av SF skal garantera kvalitet for den enkelte deltakar.

Som eit fyrste steg på vegen mot formalisering og godkjenning delte Kyrre visjonen sin med vener i det nysjamanistiske miljøet i Tromsø. Tilbakemeldingane var utelukkande positive, men Ronald Kvernmo,

som er leiar av sjamanfestivalen Isogaisa og som har vore ein sentral aktør i framveksten av feltet samisk sjamanisme, oppfordrar Kyrre til å kutta ordet ”Norsk” i foreininga sin tittel. Ifylgje Ronald ville dette ordet kunne verka støytande på sjamanar involvert i og inspirert av samisk sjamanisme. Etter å ha konsultert åndene om denne potensielle endringa, vert namnet på foreininga endra til Sjamanistisk Forbund.

I tilknyting til sjamanfestivalen Isogaisa 2012 fann det første valet av forbundet sitt hovudsstyre stad. Foreininga sin formann og styremedlem jobbar no med å utvikla SF sine offisielle retningsliner og etablera eit seremonirepertoar som skal danne grunnlag for foreininga sine livssyklusritual.<sup>7</sup>

#### LOKALE KONSTRUKSJONAR – GLOBALE STRAUMAR

SF ynskjer å vera ein breiddeorganisasjon for medlem med ulike tilnærmingar til det sjamanistiske feltet. Men sjølv om SF framhevar sjamanisme som eit universelt fenomen og omfamnar nysjamanisme i sine mange variantar, er samtidig ein sentral agenda i forbundet å vektleggja ei lokal forankring og ei lokal tilkopling. I visjonen stod fokuset på fortida sentralt. Dette fokuset er vidareført i SF sine føremålsparagrafer der det vert understreka at målet er å utvikla organisasjonen til en tradisjonsberar for nordlege sjamanistiske tradisjonar.

Ifylgje Kyrre og Lone omfamnar nordleg sjamanisme norrøne og samiske før-kristne tradisjonar. I vår samtale understrekar dei at målet er å attreisa dei opphavlege røtene til nordleg sjamanisme, helst 5000 til 10 000 år attende i tid, då skilnaden mellom natur-religiøse praksisar mellom dei ulike lokale stammene, ifylgje leiaren og nestleiaaren, var minimale. Å samle både norrøne og samiske tradisjonar under same tak kan sjåast som ein strategi for å nå eit større tal av potensielle medlem. Omgrepet nordleg sjamanisme skaper ei felles nordisk tilnærming og fokus på felles tradisjonar. Det er ein strategi for inkludering som kan seiast å løysa opp i forholdet mellom kven som har rett på tilgang til fortida sine tradisjonar – ein strategi for å identifisere eit felles opphav og felles røter. Utvalte kulturuttrykk er her innskrivne i diskursar knytt

til tradisjon og kontinuitet som legitimerer dei ulike entreprenørene sine produkt og tenester, og stadfester en viss kvalitet.

Samisk nysjamanisme har i Noreg frå byrjinga av 2000-talet vorte marknadsfört som ein lokal tradisjon og som eit alternativ til Michael Harner sin kjernesjamanisme som skildrast i boka *The Way of the Shaman* (Harner 1980), og som er den retninga innanfor nysjamanisme som har breiast nedslagsfelt (Fonnland 2010). Dei mest profilerte sjamanane i Norge i samtida, Eirik Myrhaug, Ailo Gaup, Anita Biong og Ronald Kvernmo marknadsfører også alle sitt samiske opphav. Dette er like fullt ein arena for konstant diskusjon om kven som har rett til å ta del i og praktisera det som oppfattast som samiske tradisjonar (sjå til dømes Myrhaug 1997). Leiinga i SF påpeikar at dei ynskjer å unngå slike spenningar og unngå å verta skulda for å stela tradisjonar. Å henta inspirasjon frå ei tid då grensene mellom samiske og norrøne tradisjonar, ifylgje Kyrre og Lone, var meir eller mindre usynlege kan sjåast som eit forsøk på å unngå slike spenningar.

Parallellar kan her også trekkjast til det religionshistorikar Fredrik Gregorius løftar fram som grunnleggjande førestillingar om nordisk kultur i svenske norrøn-organisasjonar, nemleg tanken om ein autentisk, organisk nordisk kultur som lever i skuggen av kristendommen. Denne tradisjonen vert også framheva som hensiktsmessig å ta utgangspunkt i for menneske som lever i nordområda (Gregorius 2008:132). Liknande førestillingar ser ein også i forhold til samisk førkristen religion. Nysjamanistiske utøvarar, og også enkelte forskrarar, framhevar at sentrale element frå førkristen praksis har funnet eit indre eksil og lever vidare innanfor den kristne vekkingsrørla, læstadianismen (sjå Fonnland og Kraft 2013:166). Dette rører også ved kjerna i det som Kyrre og Lone vektla i våre samtalar. Autentisitet og det som oppfattast som ekte og organisk tenkjast å finnast i ei nordisk førkristen fortid der den skadelege påverknaden frå sivilisasjon ikkje slepp til. Innebygd i denne søken etter ei felles fortid kan me dermed også spora ein kritikk av sivilisasjonen – ei form for anti-modernisme og anti-urbanisme.

Trass i eit hovudfokus på nordisk og samisk sjamanisme utøver leiinga av SF ingen strenge reguleringar med tanke på kva det enkelte

medlem ynskjer å løfta fram som kjelde til autoritet og autentisitet. Kyrre og Lone vektlegg derimot at den enkelte sjølv skal stå fritt til å velja sitt sjamanistiske trusgrunnlag. Dei seier:

Forbundet ønsker ikke å legge føring for hvert enkelte medlems sjamanistiske tro og praksis, men heller arrangere samlinger der vi utveksler og deler egne erfaringer. Vi ønsker også å invitere inn representanter for de forskjellige retningene innen sjamanisme, slik at de kan dele sin kunnskap med oss i SF. Det individuelle medlems private praksis er et forhold mellom medlemmet og Skaperkraften, og SF ønsker derfor ikke å legge føringer for dette. Dog må et medlem kunne forholde seg til formålsparagrafene.

Kyrre har, som nemnd, sjølv vorte opplært i nysjamanisme av lærarar med ulike inspirasjonskjelder, og understreker at det å trekkja på inspirasjon frå andre kulturar kan, til ein viss grad, bidra til å utvikla ein nordleg sjamanistisk praksis. Han påpeikar at ulike sjamanistiske praksisar byggjer på ei felles kjerne, ein urgamal visdom som er universell. I form av grunnleggjande idear og praksis, betyr dette at den nye konstruksjonen, nordleg sjamanisme i litra grad skil seg frå sitt amerikanske opphav. Me har, som Stephen Prothero i ein annen empirisk samanheng har hevda, ei endring av vokabular, men kontinuitet i form av grunnleggjande idear, eit norrønt og samisk leksikon bygt på ein kjernesjamanistisk grammatikk (Prothero 1996, sjå Fonneland & Kraft 2013).

#### TILPASSINGAR TIL EIT OFFENTLEG LOVVERK

To år etter visjonen startar den konkrete søknadsprosessen for å setja ideen om eit Sjamanistisk Forbund ut i livet. Ifylgje Lov 1969-06-13 nr 25: Lov om trudomssamfunn og ymist anna § 14. må eit trudomssamfunn som ynskjer å verta registerført senda melding til fylkesmannen der ein mellom anna gjer greie for namn og tilskrift til trudomssamfunnet, truedkjening og lære, oppbygging, verksamhet og utbreiing.

Søknaden SF sendte til fylkesmannen er datert 16.1.2012 og romma alle dei lovpålagte punkta<sup>8</sup>. Den inneheld informasjon i ei rekke para-

grafar som omhandlar alt frå regler for medlemskap, forbundet sine målsetjingar, reglar for leiarane i dei lokale organisasjonane, til forhold knytt til utforminga av foreininga sine livssyklusseremoniar. I eit utdrag av dei fyrste punkta og føremålparagrafane kan me lesa:

### **Registrering av nytt trossamfunn**

Det søkes om registrering av hovedstyre og lokallag for Troms.

Jeg ber med dette om å få registrert nytt trossamfunn.

”Sjamanisme er en verdensomspennende åndelig praksis. Arkeologer har funnet bevis for sjamaners virksomhet mer enn 30 000 år tilbake. Sjamanisme har vært praktisert fra Grønland til Afrika, Asia, Amerika, Australia og førkristne Europa.” (Kilde: Wikipedia)

1. Trossamfunnets navn er Sjamanistisk Forbund og har adresse : Gneisveien 39, 9022 Krokelvdalen.
2. Samfunnets trosbekjennelse er: At Skaperkraften uttrykker seg i livets utfoldelse og at mennesket er innbyrdes forbundet med alt levende på ett åndelig plan. Moder Jord er et levende besjelet vesen og det hviler ett særlig ansvar på oss for våre Medskapninger og naturen. Alt levende er uttrykk for Skaperkraften og de er derfor våre brødre og søstre.

§1.

#### **1.1 Formål**

SF er et trossamfunn som ønsker å fremme et sjamanistisk trosbilde, samt ivareta individets og gruppens rett til å søke og utøve en sjamanistisk praksis. Med sjamanistisk trossyn menes erkjennelsen av at alle ting er besjelet og at de er våre slektninger. Og at man ved hjelp av hellige teknikker kan hente lærdom og kunnskap ved å kontakte Skaperkraften, Naturkraftene og Åndeverdenen. Et sjamanistisk trossyn innebærer et kollektivt og individuelt ansvar for sine medskapninger, Naturvesener og Moder Jord. Moder Jord anses som et levende besjelet vesen.

Brevet til Fylkesmannen startar med å leggja fram vitneprov for ein sja-

manistisk praksis. Med Wikipedia som oppgjeve kjelde påpeikast det at arkeologar har funne spor etter sjamanistisk praksis som går 30 000 år attende i tid. Konstruksjonen av nye religiøse tradisjonar av denne typen er ikkje sjølvsagte, men konkurrerer med andre tradisjonar om merksemد frå deltakarar, publikum og media. Dei er valfrie heller enn obligatoriske og treng å opparbeida seg legitimitet for å styrka si stilling og skapa eit grunnlag for vekst. Av kjelder til legitimitet og autentisitet som favoriserast i nysjamanistiske miljø, og som også kjem til uttrykk i søknaden, er referansar til ei fortid som har gått tapt, men som like fullt vert framheva som ei kjelde og grunnlag for religiøs praksis i samtidia.

Forbundet si truedkjennung kjem til uttrykk i punkt 2. i søknadsbrevet. Kyrre påpeikar at det som uttrykkjast her er nært kopla til visjonen som vart overlevert han i forkant av registreringsprosessen. Det er også denne paragrafen som sikrar at Kyrre som visjonsberar har veterett. Av sentrale tema som kjem til uttrykk i truedkjennunga er at SF er eit forbund som kjempar for miljøet, dei har eit holistisk verdsbilete, og Moder Jord vert løfta fram som kjernesymbol for deira sjamanistiske praksis. Dei symbolske verdiane og ideala som kjem til uttrykk her, er ikkje unike for utøvarar av nordleg sjamanisme, men er verdiar som vert uttrykk i nysjamanistiske miljø på eit globalt plan (sjå Beyer 1998, Stuckrad 2005). Heilt frå starten av har Moder Jord vorte løfta fram som ein sentral grunnstein i nysjamanistiske praksisar. Ho er ein sentral figur som ein tillegg kraft og som ein ofrart til.

Truedkjennunga famnar breitt og reflekterer SF sitt ynskje om å vera eit forbund for ei gruppe av aktørar med ulik innfallsvinkel og syn på kva ein sjamanistisk praksis rommar.

Andre sentrale punkt som vert løfta fram i søknaden er at forbundet vil bestå av så vel hovudmedlem som medlem. Hovudmedlem er aktørar utan tilknyting til anna trudomssamfunn enn SF, medan medlem er dei som ynskjer å støtta SF og som samtidig er medlem av eit anna trudomssamfunn. Det er berre hovudmedlem som kan ta del i forbundet sitt styre, elles har medlem dei same rettar som hovudmedlem. Tilhengjarar betaler ei årleg avgift pålydande 150 kr og SF mottek statsstøtte

per antal hovudmedlem (jf. Trossamfunnsloven § 19). I 2013 låg denne støtta på 500 kr per hovudmedlem. På noverande tidspunkt, 21.5.2013, har SF 85 medlem på landsbasis, 67 av desse er hovudmedlem. Forbundet har, som nemnd, også registrert ei eiga gruppe på Facebook og per 1.5.2013 tek 721 personar del i denne gruppa.

Dei lovpålagte krava legg føringar for ein viss organisasjonsstruktur og oppbygnad av trudomssamfunnet med eit styre og registrerte og godkjende prestar/forstandarar. I tråd med retningslinjer forankra i norsk lov er ein prest eller forstandar i eit registerført trudomssamfunn den eller dei som har lovsette gjeremål i trudomssamfunnet.<sup>9</sup> Forstandarar i SF må godkjennast av hovudstyret, og forbundet har utvikla eigne søknadsskjema for medlem som ynskjer å ta på seg ei slik oppgåve. Leiarrolla er open for både kvinner og menn. Forstandarane sine oppgåver er å halde jamlege samlingar for medlem og andre som ynskjer å delta, og dette, vert det understreka, er spesielt viktig ved solkverv, jamdøger og ved fullmåne. Forstandarane skal også leia seremoniar i tilknyting til livsfaseritar som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder. I samsvar med loveiene som regulerer religiøse organ i Noreg, har SF sine forstandarar også vigselrett. Ei gruppe av medlem jobbar no med å utvikla eit seremonirepertoar som vil danne grunnlag for foreininga sine livssyklusritual. Dette arbeidet er organisert gjennom ei lukka gruppe på Facebook og 17 personer tek del i denne prosessen.<sup>10</sup> Utkast og idear knytt til utviklinga av foreininga sine viktigaste seremoniar vert her delt, vurder og diskutert.

Sjølv om verken ordet prest eller forstandar er utbreidde i det ny-sjamanistiske miljøet er det tittelen forstandar som har vorte valt som nemning på forbundet sine seremonileiarar. Ifylgje Kyrre og Lone handlar dette først og fremst om at forbundet i søknaden ynskjer å forhalda seg til det språket som lova legg til rette for, for slik å unngå mistolkningar og gjera prosessen fram mot godkjenning lettare. Når eg i intervju-samtalen spør om kvifor dei trur at fylkesmannen valte å godkjenna forbundet er det også nettopp dette poenget dei trekker fram. I og med at SF oppfylte alle dei formelle krava kunne ikkje fylkesmannen gjera anna enn å godkjenna SF som eit eige trudomssamfunn.

#### LEIARSTRUKTUR OG MAKTBALANSE

Sjølv om det er SF sitt valte styre og dei utpeikte forstandarane som representerer leiarsjiktet i forbundet, påpeikar Kyrre at ein i SF ynskjer å jobba fram ein flat organisasjonsstruktur der kvart enkelt medlem skal kunna ha høve til å ta del i utviklinga av trudomssamfunnet. På Facebook kan ein få innsyn i nokre av desse forsøka på dialog som viser samhandling, forhandlingar og møter mellom leiinga og enkelt medlem. Her vert ulike dokument publisert for gjennomlesing og medlem oppfordrast til leggja fram sine vurderingar, spørsmål og kommentarar. I eit utdrag av dei kommentarane som fylgte då forbundet publiserte sine vedtekter kan me lesa:

Eit medlem av Facebook-gruppa spør:

de som er aktivt med og dedikerer sin tid i forbundet, er også med på å forme disse visjonene, så rollen som Visionkeeper er vel ikke ment å være en som griper inn i ”hytt og pine” for å legge føringer?

January 16, 2012 at 12:20pm.

Lone svarar:

Tusen takk for fint innspill. Jeg ser også for meg en Visionkeeper som en Tradisjonsbærer. En som kun griper inn dersom Styret vurderer å gjøre inngrep i selve Hovedformålet (paragraf 1.1) i SF.

January 16, 2012 at 1:15pm.

Kyrre kommenterer vidare:

Det er helt riktig. Den er ikke ment som en som skal nedlegge veto i hytt og pine. (...). Dette er som sagt en visjon som kom til meg for ca to år siden. Derfor er det viktig for meg at visjonen ivaretas. Muligheten til veto trer i kraft kun der det vil føre til en vesentlig endring av visjon.

January 16, 2012 at 3:01pm.

Med medlem og tilhengjarar spreidd utover heile landet har Internett vorte eit viktig ledd i organiseringa av Sjamanistisk Forbund, nettopp av di det gjev geografisk vidt åtskilte individ høve til å kommunisera med kvarandre og informasjon kan spreiaast lettare. Det er likefullt stor variasjon med tanke på kvart enkelt medlem sitt aktivitetsnivå og involvering i det sosiale mediet. På Facebookgruppa er det tydeleg at nokre tilhengjarar er meir aktive enn andre, medan andre røyster sjeldan kjem til uttrykk. SF består av ei rekke aktørar som har eit variert syn på kva som gjev kraft med tanke på sjamanistiske praksisar og ritual og disse utøvarane er også aktørar som i varierande grad set sine avtrykk og etterlet seg spor med tanke på utviklinga av Sjamanistisk Forbund. Idealet om maktbalanse mellom leiarskap og enkelt medlem må slik i høgste grad skildrast som eit ideal.

#### MOTSTAND OG FORHANDLINGAR

Å registrera ein sjamanistisk praksis innanfor rammene av lovar og reguleringar knytt til norske trudomssamfunn kan seiast å bryta med grunnleggjande førstellingar og haldningar i nysjamanistiske miljø og livssyn. Offentlig registrering rokkar nettopp ved nokre av nøkkelideala innanfor nyreligiøsiteten, nemleg individuell religiøs fridom, anti-dogmatisme og anti-institusjonalisering. Som Heelas påpeikar:

(...) one of the absolutely cardinal New Age values is freedom. Liberation from the past, the traditional, and those internalised traditions, egos; and freedom to live a life expressing all that is to be truly human (Heelas 1996:26).

I nyreligiøsiteten vert det fremja som eit ideal at kvar enkelt utøvar skal vera fri til å skapa sin eigen samanheng, fri til å setja saman sin eigen religion. Det finst fleire vegar mot sanninga, og det søkerne mennesket må sjølv finna sin veg. Dei fleste aktørane innanfor dette feltet føretrekk såleis å halda seg utanfor faste system og organisasjonar, og ynskjer ikkje å knyta deira religiøse tru og praksis til eit formelt uttrykk eller tolking.

At leiinga i SF har valt å bryta med dette prinsippet, utgjer kjerna i den motstanden forbundet har møtt. Motstanden kjem i hovudsak ikkje frå storsamfunnet eller andre religiøse organisasjonar som er ueinige med SF sin praksis, men frå det breiare nysjamanistiske miljøet.<sup>11</sup> Dei som uttrykkjer størst skepsis er, ifylgje leiinga, sjamanar som fryktar at deira eigen private praksis skal påverkast, regulerast eller styrast av den nyleg etablerte organisasjon. Diskusjonar på Facebookgruppa gjev eit visst innblikk i denne konflikta.

Lone skriv:

Nå MÅ jeg bare kommentere litt her inne, selv om jeg absolutt ikke vil ta på meg noen rolle som moderator! Sjamanistisk Forbund er en organisasjon som har satt seg fore å samle alle med et Sjamanistisk/Naturreligiøst livssyn. Og vi VET og RESPEKTERER at Sjamaner ER, og alltid har vært, ensomme og ganske så tøffe individualister! Vi ønsker IKKE å begrense denne friheten, vi ønsker at alle skal få være de sære, rare, krigerske eller fredsommelige sterke og frie skapningene de er utsett av åndene for å være! Dette er et Forum for Individualistene, men jeg vil gjerne mane frem litt mere respekt for hverandres ulike veier! Vi er alle sammen voksne, (og gjerne i egne øyne) høyt utviklede mennesker, og vi velger selv hva vi skal la oss provosere av, og hva vi bare skal la forbigå i stillhet... jeg har særdeles liten lyst å leke ”politi” her inne, det strider mot alle mine prinsipper om ytringsfrihet og individualisme! jeg ønsker at hver og en av oss skal få være den unike skapningen vi er skapt for å være, men husk at sammen står vi uendelig mye sterkere! Så oppfør dokker no sånn noen lunde ordentlig...

October 10 at 9:34am.

Sjølv om SF legg vekt på å vera ein breidd organisasjon, open for alle med eit sjamanistisk livssyn, står prinsippet om individuell religiøs suverenitet i strid med dei reguleringane SF må ta inn over seg som eit offentleg godkjent trudomssamfunn.

Også media bidreg til å byggja opp under denne konflikta. Godkjennингa av forbundet vart raskt ei mediesak både lokalt og nasjonalt

med overskrifter som; "Satser på eget Sjamanismfunn" (Finnmarken 30.3. 2012), "Sjamanisme godkjent som religion i Norge" (Morgenbladet 16.3.2012) og "Sjamanisme får grobunn i Norge" (Dagen 15.3. 2012). Religionshistorikarane Cora Alexa Døving og Siv Ellen Kraft påpeikar nettopp at media er ein sentral aktør med tanke på utviklinga av religionsfeltet både når det gjeld indre forhold som maktforhold og autoritetsposisjonar og med omsyn til framhevinga av enkelte saker og vinklinger som særleg aktuelle (Døving og Kraft 2013:19). Gjennom sine presentasjonar av SF som ein samlande organisasjon for utøving av sjamanisme i Noreg i samtida bidreg media til å byggja opp under eit bilet av SF som eine-representant for sjamanisme i Noreg, ikkje som ein variant blant mange.

#### FORDELAR OG UTFORDRINGAR – AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

For å oppnå eit positivt søkeresultat har Sjamanistisk Forbund mått tilpassa seg den tolkinga av religion som offentlege instansar nyttar for å avgjera om eit meiningsfellesskap skal godkjennast som eit trudoms-samfunn eller ikkje. Trudomssamfunnsmodellen inneber slik juridiske formalitetar og sosiale forventingar som kan koma i eit spenningsforhold til religiøse førestellingar og ideal. I artikkelen "Religion as a Discursive Technique: The Politics of Classifying Wicca" (2010) diskuterer religionshistorikar Teemu Taira prosessen rundt ei finsk Wicca-rørsle sin søker om godkjenning som eit eige trudomssamfunn og det påfyl-gjande avslaget på denne søkeren i 2001. Taira påpeikar at det kan finnast ei rekke ulike grunnar til at ei religiøs gruppe ynskjer å søkja om status som religiøst trudomssamfunn, men like fullt at det er mogleg å spora nokre sosiale interesser og potensielle effektar som det å oppnå status som eit trudomssamfunn kan resultera i. Utover dei lovregulerte fordelane som ei registrering inneber, som mellom anna medlemsstøtte frå stat og kommune, viggselsrett og krav på vørtnad, legg statusen som trudomssamfunn også til rette for å fastsetja rammene for eit religiøst fellesskap. Taira skriv:

Religion does not only cultivate biological needs, psychological motivations or religious interests, but is also, and perhaps even primarily, a practice for modifying, challenging, thinking, and detesting social practices as a part of a certain community (Mack 83–99; McCutcheon, *Critics*). Thus religion, as a discursive technique, works in relation to social interests and power relations, among practitioners of Wicca and in their relation to society (Taira 2010:382).

Å organisera Sjamanistisk Forbund som eit trudomssamfunn gjev forbundet ei privilegert rolle. Godkjenninga frå Fylkesmannen legg til rette for at SF vert representant for det norske nysjamanistiske miljøet i det offentlege rommet, sjølv om dette ikkje nødvendigvis speglar situasjonen innad i miljøet. Likeins handlar prosessen om å opparbeida seg aksept i det norske samfunnet. Den statlege godkjenninga av Sjamanistisk Forbund inneber ein aksept for sjamanar i samtida, for deira aktivitetar, haldningar og førestillingar og er slik eit middel for SF til å nå ut til potensielle medlemmer og å oppnå merksemd om seg og sitt bodskap.

#### NOTER

1. Sjå <http://sjamanforbundet.no/>, <https://www.facebook.com/SjamanistiskForbundInfo-side> [lesedato 25.3.2012].  
Feltarbeidet fann stad i laupet av haust 2012 og vår 2013. Intervjua vart gjennomført i august 2012 og januar 2013.
2. Sjå også [http://www.trooglivssyn.no/doc//STL\\_Livsfaseriter.pdf](http://www.trooglivssyn.no/doc//STL_Livsfaseriter.pdf), [lesedato 22.2.2013].
3. Rolland påpeikar mellom anna at dess meir avhengige dei private trus- og livssynsamfunna vert av offentlege tilskot, desto meir avhengige vert dei også av korleis Den norske kyrkja vert tilgodesett i statsbudsjettet, og av korleis kyrkja forvaltar sine midlar. Rolland skriv: ”Dersom statskirken effektiviseres slik at den statlige bevilgningen per medlem kan reduseres, vil private tros- og livssynssamfunn bli straffet med redusert støtte” (Rolland 2013:16).
4. Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn (STL) har mellom anna påpekt behovet for auka midlar til utarbeidning av livssynsnøytrale seremonirom.
5. Religionshistorikar Russel T. McCutcheon argumenterer for ein moderne og sekulær myteterm som ikkje definerer myta utifra ei tilknyting til det heilage og eit særleg innhald, men som i staden definerer myta som ein strategi eller ei forteljar teknikk – ei spesiell form for sosial grunngjeving som menneske nyttar for å legitimera seg og deira sosiale og kulturelle røynd (McCutcheon 2000).
6. Dette foremalet finn ein også att i Åsatrufellesskapet Bifrost sine intensjonar for lokale heidningsmiljø i Noreg sidan opprettinga av trudomssamfunnet i 1996. Kyrra påpeikar

- ogå at han i etableringa av SF har henta inspirasjon frå Holistisk Forbund som er ein livssynsorganisasjon stifta 16.11.2002.
7. Sjamanfestivalen Isogaisa har vorte arranger årleg fär 2010 og har base ved Fjellkysten i Lenangen kommune.
  8. Søknaden er offentleg tilgjengeleg på forbundet si Facebookside.
  9. Ifylge § 24 i lov om trudomssamfunn og ymist anna må den som skal vera prest eller forstandar i registerfört trudomssamfunn ikkje vera under 23 år og ikkje over 75 år. Han må leve eit heiderleg liv og ha evne til å gjera sine skyldnader etter lova.
  10. Eg er også invitert med i denne gruppa og har informert alle medlema om mitt forskingsprosjekt.
  11. Biskop i Nord-Hålogaland Per Oskar Kjølaas er ein av dei som uttalar seg positivt om nyetableringa og seier mellom anna til avisat *Nordlys* at han er oppteken av å gå i dialog og ikkje fordøma (*Nordlys* 14.3.2012).

#### LITTERATUR

- Askeland, Harald 2011: *Hovedmodeller for relasjonen mellom stat og trossamfunn: Finansiering av majoritetskirker i Europa*. KA-notat 27.4.2011. [Upublisert].
- Beyer, Peter 1998: *Globalization and the Religion of Nature*. I Pearson J. & G. Samuel (red.), *Nature Religion Today. Paganism in the Modern World*. Edinburgh: Edinburgh University Press, s. 11–21.
- Døving, Cora Alexa og Siv Ellen Kraft 2013: *Religion i pressen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fonneland, Trude (forthcoming): Isogaisa: Samisk sjamanisme i festvaldrakt. *Aura. Tidsskrift for nyreligiøse studier* 2014.
- 2010: *Samisk nysjamanisme: i dialog med (for)tid og stad*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Fonneland, Trude and Siv Ellen Kraft (forthcoming): Sami Shamanism & Indigenous Spirituality. I Gilhus, I. and S. Sutcliffe (red.) *New Age Spirituality: Rethinking Religion*. London: Equinox Publishers.
- Gregorius, Fredrik 2008: *Modern Asatro: Att konstruera etnisk och kulturell identitet*. Doktorgradsavhandling, Sentrum for teologi og religionsstudier, Lund Universitet.
- Harner, Michael 1980: *The Way of the Shaman a Guide to Power and Healing*. San Francisco: Harper & Row.
- Heelas, Paul 1996: *The New Age Movement*. Cambridge: Blackwell Publishers.

- Kraft, Siv Ellen 2011: *Hva er nyreligiøsitet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lindquist, Galina 1997: *Shamanic Performances on the Urban Scene: Neo-Shamanism in Contemporary Sweden*. Doktorgradsavhandling, Studier i sosialantropologi, 39. Stockholm: Gotab.
- McCutcheon, Russell T. 2000: Myth. I Braun & McCutcheon (red.), *Guide to the Study of Religion*. London & New York: Cassell, s. 190–208.
- Myrhaug, May-Lisbeth 1997: *I Modergudinnens fotspor. Samisk religion med vekt på kvinnelige kultutøvere og gudinnekult*. Oslo: Pax Forlag AS.
- NOU (2013:1): Det livssynsåpne samfunn: En helhetlig tros- og livssynspolitikk.
- Partridge, Christopher 2004: *The Re-Enchantment of the West*. London & New York: A Continuum Imprint.
- Prothero, Stephen 1996: *The White Buddhist. The Asian Odyssey of Henry Steel Olcott*. Bloomington: Indiana University Press.
- Rolland, Asle 2013: Reguleringsregimer, tro og statistikk. *Din. Tidsskrift for religion og kultur* 3+4.
- Stuckrad, Kocku Von 2005: *Western Esotericism. A brief History of Secret Knowledge*. London: Equinox Publishers.
- Taira, Teemu 2010: Religion as a Discursive Technique: The Politics of Classifying Wicca. *Journal of Contemporary Religion*, volum 25:3, s. 279–394.
- Wallis, Robert J. 2003: *Shamans/Neo-Shamans: Ecstasy, Alternative Archaeologies and Contemporary Pagans*. London: Routledge.

## Avisartiklar

- ABC Nyheter* ”Derfor bør du reise til Tromsø” (01/4/2012)
- Bergens Tidende* ”Sjamaner inn fra kulden” (30/10/2012)
- Dagen* ”sjamanisme finner grobunn i Norge” (15/3/ 2012)
- Klassekampen* ”Sjamanen” (11.–12/3/2006)
- Nordlys*: ”Sjamanisme offentlig godkjent som religion i Norge” (14/3/2010)

## **Internettsider**

<http://sjamanforbundet.no/> [lesedato 25.3.2013].

<http://www.theworlddrum.com/index.html> [lesedato 3.5.2013].

<http://www.facebook.com/groups/291273094250547/files/#!/groups/291273094250547/doc/302374349807088/> [lesedato 3.5.2013].

[http://www.trooglivssyn.no/doc//STL\\_Livsfaseriter.pdf](http://www.trooglivssyn.no/doc//STL_Livsfaseriter.pdf) [lesedato 22.2.2013].

## **ABSTRACT**

On 13 March 2012, a local neo-shamanic association concerned with the preservation of Sami and Norse shamanic traditions was granted status as a distinct religious community by the County Governor of Troms, in northern Norway. This means that, according to the laws regulating religious bodies in Norway, they may perform such religious ceremonies as baptisms, conformations, weddings and funerals, and, additionally, gain financial support from the membership. Drawing on interviews with the leader and board members of the Shamanistic Association (SA), participant observation at seminars and in ritual performances, and document analysis, this article focuses on the processes that led to the rise of SA in Norway, as well as on some of the Association's major concerns, significant events and developments.

**KEYWORDS:** Shamanistic Association, denomination, visions, negotiations, representation